
Fra: André Haave <anhaave@outlook.com>
Sendt: 14. september 2020 17:16
Til: postmottak SD
Emne: Menon Economics sin rapport om elbil i lys av berekraftig utvikling

Til rette vedkommande,

Eg høyrde nettopp Menon Economics sitt forslag om å fjerne fritak, rabattar og makstak på parkering av elbilar. Eg står utvalet som meiner også at Staten heller bør stimulere til redusert utsalspris på elbilar.

(Kjelde : <https://www.nrk.no/norge/utvalg-vil-fjerne-elbil-rabatten-i-bomringen.-1.15160349>)

I samband med dette ynskjer eg å dele eit forslag med dykk :

For å ivareta Velferdsstaten og folk med därleg økonomi, naturen og miljøet, meiner eg, at Staten bør stimulere til redusert forbruk og dermed kjøp av bilar, særleg i norske storbyar. Politikken som vi har hatt til no har ført til at ein bykommunane må bygge breie vegar i urbane strok, der folk flest kan reise kollektivt (tog, trikk, sykkel, o.l.). Ein større del av midlane til dei nye og breie vegane bør heller fordelast på mindre kommunar, der behovet for vedlikehald er aukande, som her i Kinn.

For det andre meiner eg at Staten bør tilby menneske med låg løn fordelar ved kjøp av elbil, som dei med høg løn ikkje bør få. Dette kan bidra til å auke dei lågast løna sine moglegheiter til å kjøpe elbil, samtidig som det blir mindre forbruk og kjøpepress blant dei som har mest.

Eg meiner ei slik løysing i praksis vil fungere godt, fordi ho gir ei nødvendig differensiering av politikken for by og land, for dei lågtløna og dei med høgare inntekter, og sist, men ikkje minst ; for naturen som blir skåna for utbygging og miljøet, som blir spart for utslepp av giftige klimagassar.

Eg meiner forslaget vil fungere godt for økonomien (lågare (sparte) utgifter til bygging av ny infrastruktur), for samfunnet (økonomisk og sosialt rettferdig) og for natur og miljø (redusert utbygging og utslepp av klimagassar).

Håpar på hyggeleg tilbakemelding.

Med venleg helsing,

André N. Haave

Forfattar, lærar og skribent